



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



Årsrapport 2018

Innhald

- 3 Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 4 2018 – Auka utbytte gav rekordstor gåvetildeling og betre likviditetsreserve
- 5 Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 6 Styring og kontroll med stiftinga si verksemd
- 7 Styret si oppsummering av 2018
- 8 Aktivtetsbasert resultatrekneskap
- 9 Aktivtetsbasert balanse
- 10 Notar til rekneskapen 2018
- 19 Revisjonsmelding 2018
- 22 Gåver til allmennytige føremål

Vi skapar mangfold, trivsel
og utvikling

www.sparebankstiftinga.no



FRAMSIDEFOTO: Vegard Fimland, Rakkar, Sparebanken Sogn og Fjordane
GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS



Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010 og er hovudeigar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Stiftinga eig 93,91 % av eigenkapitalbevisa i banken. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap av banken og dele ut gåver til samfunnsnyttige tiltak i distriktet kapitalen i banken er bygd opp. Sparebankstiftinga skal vidareføre og utvikle desse tradisjonane til det beste for regionen.

Det er viktige tradisjonar og store verdiar stiftinga skal vidareføre og forvalte. Sparebankane har med si snart 200 års historie hatt ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunna i Norge. Føremålet med sparebankane var frå starten av at dei skulle vere hjelp til sjølvhjelp for folk med små inntekter, og bidra til økonomisk sjølvstende og tryggleik for den enkelte. Sparebanken Sogn og Fjordane har røter heilt tilbake til 1842, då Førde Sparebank blei etablert. Gjennom samanslåing av 25 sparebankar er Sparebanken Sogn og Fjordane i dag den 8. største sparebanken i landet.

Hovudføremål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i sine vedtekter definert følgjande hovudføremål:

- å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparbanken Sogn og Fjordane og vidareføre sparebanktradisjonane
- å gi gåver til allmennnyttige føremål. Ved sine tildelingar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til distriktet som har bygd opp kapitalen til Sparebanken Sogn og Fjordane.
- Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut i frå omsynet til risikospreiing, likviditet og avkastning.

Visjonar og verdiar

- **Visjon** Drivkraft for Sogn og Fjordane.
- **Verdigrunnlag** Mangfold, trivsel og utvikling.
- **Langsiktig** Vi skal forvalte sparebankarven – *i dag og i all framtid*. Vi skal sette av til reservar som sikrar det langsgiktige eigarskapet til banken og kontinuitet i gåvetildeling.
- **Uavhengig** Gåvesøkjarar, forretningspartnarar, myndigheiter og allmennheita generelt må til ei kvar tid ha tillit til vår profesjonalitet og integritet.

2018 – Auka utbytte gav rekordstor gåvetildeling og betre likviditetsreserve

I 2018 fekk stiftinga eit rekordhøgt utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for auka utbytte er ei godt driftsresultat kombinert med at banken i stor grad er måloppfyllande når det gjeld kapitalkrav.

Utbytte frå banken er i dag hovudinntektskjelda til stiftinga. Utbytte går i hovudsak til to sentrale føremål for stiftinga; Gåvetildeling til samfunnsnyttige tiltak og oppbygging av beredskapskapital for framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Dei årlege gåvetildelingane har auka gradvis frå 9 millionar kroner i 2012 til 25 millionar kroner i 2018. Stiftinga set også av midlar til gåvefond som kan nyttast i år der ein får låge utbytter frå banken. Målet med dette er å sikre stabile og føreseielege gåvetildelingar.

Strategien med å utvikle gåveinstituttet og rammene for gåvetildeling gradvis, har gitt stiftinga høve til å utvikle god kunnskap og gode rutinar for å evaluere gåvetildelingane. Stiftinga er i sitt arbeid med gåvetildeling oppteken av å få god samfunnsnytte av gåvene som blir gitt. Det blir gitt gåver til samfunnsnyttige tiltak innan; helse, humanitært arbeid, fysisk aktivitet, kultur, næringsutvikling og forsking/utdanning.

Praksisen kring gåvetildeling vart vidareført i 2018. Det vart gjennomført to søkerndsundar høvesvis vår og haust. I tillegg har vi vår populære «forenkla søkernd» kor søkerar kan søkje om inntil 10.000 kroner og få rask avklaring heile året. Denne ordninga utgjer framleis nesten halvparten (45%) av dei om lag 800 søkerndane stiftinga får inn kvart år.

I tillegg til dei innkomne søkerndane, deler stiftinga ut midlar på eige initiativ. Andelen midlar delt ut til slike initiativ har auka gradvis dei siste åra, i takt med at stiftinga gjer seg erfaring med kva tiltak som har mest positiv samfunnsnyttig effekt. Det er særleg prosjekt innan overordna næringsutvikling, samt forsking og utdanning som er støtta gjennom stiftinga sine eigne initiativ. Det største tildelinga er til det vellukka dagsturhytteprosjektet som til saman har fått 5,2 millionar kroner i frå stiftinga dei siste to åra. Dette er eit unikt prosjekt utvikla i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Auka likviditet som følgje av større utbytte har også medført at stiftinga har betre beredskap for emisjonar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Styret i stiftinga har stort fokus på behovet stiftinga har for å ha tilstrekkeleg beredskapskapital, slik at stiftinga har evne til å stille opp den dagen banken har behov for meir eigenkapital. I løpet av 2018 har det vore ein grundig prosess på å revidere strategi for kapitalforvaltninga.

Stiftinga fekk eit aktivitetsresultat i 2018 (2017 i parantes) på 63,3 millionar kroner (-5,0 millionar kroner). Inntektene var på 97,4 millionar kroner (19,1 mill. kr) og sum aktivitets- og administrasjonskostnadene var på 4,5 millionar kroner (5,6 mill. kr.). Balansen ved utgangen av 2018 var på 1 954 millionar kroner (1 883 mill. kr).

2018 var òg året Sparebankstiftinga fekk ny direktør. Frå 1. april 2018 har Hallvard Klakegg leia stiftinga.

Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemer og 4 varamedlemer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, samt andre samfunnsmessige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene blir valde for 4 år, medan varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3-8 medlemer og 2 varamedlemer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei grupper som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

Generalforsamling:

MEDLEMER

Jon Gimmestad, Sandane (leiar)
Bente Nesse, Vadheim (nestleiar)
Linda Hovland, Dale
Laila Johannessen, Hyllestad
Anne Margrethe Øvsthush, Førde
Monika Refvik, Vågsøy
Gro Rukan, Eikefjord
Birte Elin Kjørvik Fossheim, Sandane
Geir Støfring, Jølster
Elin Tveit Sveen, Svanøybukta
Jarl Tyssekvam, Sande
Åge Avedal, Førde

VARAMEDLEMER

1. Christine Lunde, Stryn
2. Rune Taklo, Nordfjordeid
3. Roar Vangsnæs, Leikanger
4. Svein Arne Sandvik, Svelgen

Styret:

MEDLEMER

Lise Mari Haugen, Askvoll (styreleiar)
Vegard Strand, Fjaler (nestleiar)
Tore Jakob Madsen, Florø
Bente Jørgensen, Vågsøy
Ellen Marie Njøs Lillesvangstu, Leikanger

VARAMEDLEMER

Leidulf Gloppestad, Gloppe
Kristin Hatledal, Stryn

Administrasjon:

Direktør Hallvard Klakegg (frå og med 1. april 2018)
Kultursjef Pål Fidjestøl
(kst. dagleg leiar fram til 31.03.18)

Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

Strategi, rutinar og kontroll

Som langsiktig og dominerande eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdiar. Gjennom dette og ansvaret for utdeling av gåver til allmennytige føremål har vi også eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdøme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ tryggheit for at stiftinga sine føremål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtidia.

Styret har utarbeidd ein forvalningsstrategi som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein sikker og god måte. Forvalningsstrategien fastset elles at det skal settast av reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reserve til drift og gave for å sikre kontinuitet i gåvetildelingar. Stiftinga sine kapitalreservar skal primært vere plassert i aktiva med låg risikoprofil.

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det er sett i verk tiltak for forbetringer på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester fra Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak tenester inn rekneskapsføring, personal, marknadsføring og andre prosjektretta oppgåver.

Openheit

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor eiga nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og praktiske opplysningar til søkerar blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Etter kvart som det blir aktuelt vil også opplysningar om stiftinga si investeringsportefølje bli lagt ut.

Forvaltning og eigarskap

Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeidstakarrettar, korruption og miljøøydeleggingar.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigarandel Sparebanken Sogn og Fjordane si viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbyte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga søker aktivt posisjonar i banken sine styrande organ, og er i dag representer i både generalforsamling og styret.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i eigne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbyte. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdiar
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken skal ha finansielle mål og resultat på nivå med andre regionale sparebankar.

Etiske retningslinjer

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av høg tillit frå alle interessegrupper; søkerar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningsamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneholder generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemer i styrande organ og alle tilsette.

Styret si oppsummering av 2018

Eigedelar

Eigedelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består av

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (bokført verdi på kr 1.843.499.940)
- Likvide midlar

Føremål med verksemda

Føremålet med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er å videreføre sparebanktradisjonane, forvalte kapitalen, stå for eit langsiktig eigarskap av Sparebanken Sogn og Fjordane og gi gåver til allmennytige føremål.

Balanse

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 1.954 millionar kroner. I tillegg til eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane, har stiftinga eit bankinnskot på 104 millionar kroner og aksje- og obligasjonsfond på 6,6 millionar kroner.

Resultat og disponering av overskot

Hovudinntektene i rekneskapen for 2018 er utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane på kr. 96.056.825

Driftskostnadane for 2018 utgjer kr 4.507.709 og er fordelt på 2.021.592 kr i aktivitetskostnad (dvs. kostnadar knytt til føremålsrealisering) og 2.486.117 kr i administrasjonskostnad. Det er kostnadsført gåver for kr. 29.541.810. Årsresultat på 63.272.004 kroner.

Overskotet frå 2018 blir foreslått disponert slik:

TAL I TUSEN KRONER

Frå gavefond:	kr	23.500
Avsetning til Annan eigenkapital:	kr	86.772

Føresetnader for vidare drift er til stades.

Styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemer; 4 menn og 8 kvinner. Medlemmene blir valde mellom Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar og blir valde for 4 år. I mars 2018 vart det gjennomført val på tre ordinære medlemer og fire varamedlemer. Kundane stemde elektronisk etter å ha fått tilsendt røystesetel på e-post.

I førekant av avstemminga kunne alle kundane foreslå kandidatar. 718 personar avgva stemme ved valet.

Styret har 5 medlemer; 3 kvinner og 2 menn.

Administrasjon

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Administrasjonen bestod av direktør Hallvard Klakegg (frå og med 01.04.18) og kultursjef Pål Fidjestøl (kst. dagleg leiar fram til 31.03.18).

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdsperspektiv og eit godt samarbeidsklima. Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet. Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Aktivitetsbasert resultatrekneskap

TAL I TUSEN KRONER

ERVERVA MIDLAR

	Note	2018	2017
Utbytte	2	96 057	18 297
Verdiendring av finansielle instrument	3	- 76	54
Renteinntekter	3	1 449	774
Sum inntekter på erverva midlar		97 429	19 124

FORBRUKTE MIDLAR

Løyvde gåver og gåvebortfall	7,8	29 542	18 467
Aktivitetskostnadar	9,10,11,12,13	2 022	2 788
Administrasjonskostnadar	9,10,11,12,13	2 486	2 807
Finanskostnadar		108	91
Sum kostnad / forbrukte midlar		34 157	24 154

AKTIVITETSRESULTAT

Overført gavefond		- 23 500	- 5 207
Overført anna føremålskapital		86 772	177
Sum overføringer		63 272	- 5 029

Aktivitetsbasert balanse

TAL I TUSEN KRONER

EIGEDELAR

Anleggsmidlar

	Note	2018	2017
Føremålsinvesteringar, eigenkapitalbevis SSF	2	1 843 500	1 843 500
Finansielle investeringar	3	6 556	6 486
Programvare	4	162	0
Sum anleggsmidler		1 850 218	1 849 986

Omløpsmidlar

Bankinnskot	5	103 732	33 600
Sum omløpsmidlar		103 733	33 600

SUM EIGEDELAR

1 953 951 **1 883 586**

FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD

Føremålskapital

Grunnkapital	6	1 408 500	1 408 500
Gåvefond	6	50 000	73 500
Anna føremålskapital	6	478 415	391 643
Sum føremålskapital		1 936 915	1 873 643

GJELD

Pensjonsforpliktingar	11	387	97
Sum avsetning for forpliktingar		387	97

Kortsiktig gjeld

Sum skuldige offentleg avgifter		187	110
Sum leverandørgjeld		70	36
Sum løvvde gåver	7	16 124	9 528
Sum anna kortsiktig gjeld		268	172
Sum kortsiktig gjeld		16 649	9 846
Sum gjeld		17 036	9 943
SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD		1 953 951	1 883 586

Førde 22. mars 2019

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane


Lise Mari Haugen
Styrelseiar


Vegard Tore Strand
Nestleiar


Tore Jakob Madsen
Styremedlem


Bente Kristin Jørgensen
Styremedlem


Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
Styremedlem


Hallvard Klakegg
Direktør

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskaplova og NRS (F) God rekneskapsskikk for ideelle organisasjoner.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffing. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Føremålsinvesteringar viser til investeringar som søker å oppfylle føremål i stiftinga. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Varige driftsmiddel er nedskrive til forventa realisasjonsverdi ved verdifall som er vurdert ikkje å vere forbigåande. Forventa realisasjonsbeløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

GÅVEFOND

Gåvefond er føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.

ANNAN FØREMÅLSKAPITAL

Føremålskapital som ikkje er underlagt restriksjonar er annan førermålskapital.

LØYVDE GÅVER

Generalforsamlinga vedtek omfanget av gåver til utdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gåver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgingstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Dersom det er vilkår knytta til bevilginga vil den bli kostnadsført dersom det er sannsynlighetsovervekt for at vilkåra blir oppfylt og utbetalinga vil skje. Styret kan løyve gåver for kommande år med forutsetning om at generalforsamlinga løyver tilstrekkeleg gåvemidlar, i disse tilfella blir gåvene kostnadsført når generalforsamlinga løyver midlar for det aktuelle året. Bortfall av løyvde gåver blir ført som negative kostnadar på same linje som kostnaden opprinnelig blei kostnadsført. I balansen blir dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld «Løyvde gåver» og redusert i takt med utbetalinga.

INNTEKTSFØRING FRÅ FINANSIELLE INSTRUMENT

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det er ei betydeleg sannsynlighetsovervekt for slik utdeling på balansedagen. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret. Mottatt utbytte er vurdert som annan finansinntekt.

SAMANSTILLING AV KOSTNADAR

Kostnadar blir fordelt mellom aktivitet- og administrasjonensutgifter etter forbruk. Forbruk av midlar vert periodisert i samsvar med når aktivitetane er gjennomført.

PENSJONAR

1. Innskotsbaserte ordningar

Stiftinga har innskotsbasert pensjonsordning. Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at stiftinga ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil avhenge av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Stiftinga har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet.

2. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde yttingsbasert pensjonsordning ved avvikling av denne i 2016 er det inngått avtale om kompensasjon for redusert pensjon. Denne forpliktinga er berekna for den enkelte tilsette og oppteninga pr. 31.12. er ført som pensjonsforplikting i balansen.

3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. Den nye AFP-ordninga er finansiert gjennom premieinnbetalingar og er innrekna i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan målast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje sett av noko i balansen for ordninga.

SKATT

Stiftinga har ikkje erverv som føremål, og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

DISPONERING AV RESULTAT

Det blir overført til/frå gåvefond til mål om gavé og driftsreserve på kr 50.000.000 er oppfylt.
Det øvrige blir overført til /frå annan føremålskapital.

Note 2 Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

Stiftinga har slik eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane:

TAL I HEILE KRONER	Eigar andel	Stemmerett andel	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	93,91 %	40 %	18 296 538	100	1 843 499 940

I følgje vedtekten til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40 % stemmerett i generalforsamlinga. Det er difor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Eigenkapitalbevisa som stiftinga eig i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmidlar ut frå at dei er bestemt til varig eige. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på reknescapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskrivning ikkje er aktuelt pr. 31.12.2018 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

Nøkkeltal fra Sparebanken Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2018 (konsern):

TAL I MILLION KRONER	2018	2017
Resultatrekneskap		
Totalresultat	459	425
Balanse		
Eigenkapitalbevis	1 948	1 948
Overkurs	16	16
Utzamningsfond	1 661	1 406
Sum eigarandelskapital	3 625	3 370
Grunnfond	516	472
Sum grunnfondskapital	516	472
Fond for urealiserte vinstar	190	196
Annan eigenkapital	171	175
Hybridkapital	250	250
Avsett til utbytte og gáver	158	110
Sum eigenkapital	4 910	4 573

Note 3 Investering i aksje og obligasjonsfond

Pr. 31.12.18 har stiftinga følgjande investeringar

	Kost-pris	Marknads-verdi 31.12.18	Ned-skrive	Bokført verdi 31.12.18	Innteksført utbytte 2018
TAL I HEILE KRONER					
Aksjefond DNB Norge Indeks	500 000	661 522	0	500 000	0
Aksjefond DNB Global Indeks	500 000	870 414	0	500 000	0
Obligasjonsfond DNB Aktiv Rente	5 742 592	5 556 364	186 228	5 556 364	146 435
Sum aksje- og obligasjonsfond	6 742 592	7 088 300	186 228	6 556 364	146 435

Pr. 31.12.17 har stiftinga følgjande investeringar

	Kost-pris	Marknads-verdi 31.12.17	Ned-skrive	Bokført verdi 31.12.17	Innteksført utbytte 2017
TAL I HEILE KRONER					
Aksjefond DNB Norge Indeks	500 000	675 325	0	500 000	0
Aksjefond DNB Global Indeks	500 000	901 286	0	500 000	0
Obligasjonsfond DNB Aktiv Rente	5 596 158	5 486 717	110 011	5 486 147	115 000
Sum aksje- og obligasjonsfond	6 596 158	7 063 328	110 011	6 486 147	115 000

Note 4 Immaterielle eidegar

	Programvare
TAL I HEILE KRONER	
Kostpris pr. 01.01.18	0
Tilgang	161 875
Avgang	0
Samla avskrivingar	0
Bokført verdi 31.12.18	161 875
Avskrivingar for året	0
Lineær avskriving	3 år

Note 5 Bankinnskot

	2018	2017
TAL I HEILE KRONER		
Bundne skattetrekksmidlar	124 383	73 503

Note 6 Føremålskapital

	Grunn-kapital	Gåve-fond *	Annen	Sum Føremålskapital
TAL I TUSEN KRONER				
Føremålskapital 31.12.2017	1 408 500	73 500	391 643	1 873 643
Årsresultat	0	- 23 500	86 772	63 272
Føremålskapital 31.12.2018	1 408 500	50 000	478 415	1 936 915

* Gåvefond er føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.

Note 7 Løyvde gåvemidlar

	2018	2017
TAL I HEILE KRONER		
Løyvde gåver	24 201 873	19 051 336
Løyvde gåver for kommande år	5 600 000	0
Bortfall av gåver, tidligare løyvde	- 260 063	- 584 000
Løyvde gåver	29 541 810	18 467 336

I tillegg er det løyvd gåver på til saman kr 3 250 000 for utbetaling i år 2020 og 2021 med etterhald om at generalforsamlinga løyver tilstrekkelege gåvemidlar.

Løyvde, ikkje utbetalte gåver 01.01	9 528 000	7 973 900
Løyvde gåver	29 541 810	18 467 336
Utbetalte gåver	- 22 945 430	- 16 913 236
Løyvde, ikkje utbetalte gåver 31.12	16 124 380	9 528 000

Note 8 Gåveutdeling

Gåver tildelt pr søknad:

Aksello AS	350 000
Aktiv Kalvåg	45 000
Akvahub Hyllestad	600 000
Almenning skyttarlag	20 000
Annai Poopathi Tamilsk Kultursenter avd Florø	10 000
Askrova Bygdelag	29 898
Askvoll og Holmedal idrettslag	5 000
Askvoll og Holmedal skyttarlag	100 000
Askvoll samfunnshus	60 700
Atløy 4H	60 000
Atløy kulturhus SA	10 000
Austreim vel	50 000
Balestrand Idrettslag	3 000
Balestrand røde kors	8 000
Barekstad/Hovdevåg grendalag	5 000
Bergkrystallen 4H	30 000
Bergsida grendalag	50 000
Brak	210 000
Brattland bustadlag	32 000
Breimsbygda IL	119 428
Breimsbygda IL/NM friidrett	250 000
Brekke skulemusikkorps	50 000
Bremanger idrettslag	5 000
Bryggja grendahus SA	10 000
Bryggja grendahus vel	10 000
Bryggja skyttarlag	10 000
Bryggja utviklingslag	10 000
Byen vår Florø	50 000
Bygstad Helselag	5 000
Bygstad Samfunnshus	50 000
Byrknes skulemusikk	15 000
Bystien Førde Opp v/Førde Idrettslag	80 000
Dagsturhytte: Askvoll kommune	200 000
Dagsturhytte: Aurland kommune	200 000
Dagsturhytte: Bremanger kommune	200 000
Dagsturhytte: Fjaler kommune	200 000
Dagsturhytte: Førde kommune	200 000
Dagsturhytte: Gaular kommune	200 000
Dagsturhytte: Gloppen kommune	200 000
Dagsturhytte: Gulen kommune	200 000
Dagsturhytte: Hornindal kommune	200 000
Dagsturhytte: Hyllestad kommune	200 000
Dagsturhytte: Høyanger kommune	200 000
Dagsturhytte: Leikanger kommune	200 000
Dagsturhytte: Lærdal kommune	200 000
Dagsturhytte: Naustdal kommune	200 000
Dagsturhytte: Selje kommune	200 000
Dagsturhytte: Sogndal kommune	200 000
Dagsturhytte: Solund kommune	200 000
Dagsturhytte: Stryn kommune	200 000

Gåver tildelt pr søknad:

Dagsturhytte: Vik kommune	200 000
Dagsturhytte: Vågsøy kommune	200 000
Dagsturhytte: Årdal Kommune	200 000
Dale ungdomslag	30 000
Dalsøya Idrettslag	10 000
Dråpen i havet	10 000
Eggenipa 4H	10 000
Eid Handball	5 000
Eid kommune/Eid friv.sentral	50 000
Eid røde kors	100 000
Eikefjord Idrettslag	25 000
Eikefjord skulemusikk	25 000
Eikås ungdomslag	9 500
Eivindvik ungdomsklubb	20 000
Elskhug og eksis	25 000
Farnes skulemusikk	10 000
Fjellklang 4H	30 000
Fjæra Bluesklubb	20 000
Fjærland idrettslag	10 000
Fjærland ungdomslag	30 000
F-LAN	2 000
Flatraket idrettslag	50 000
Flora Cykleklubb	50 000
Flora Hestesportklubb	5 000
Flora Historielag	25 000
Flora Turlag	100 000
Florø Drill	50 000
Florø Golfklubb	100 000
Florø Hornmusikk	25 000
Florø Husflidslag	10 000
Florø Seilforening	50 000
Florø Sportsklubb	1 000 000
Florø Turn- & Idrettsforening	50 000
Framtidsfylket/SFJ Næringsforening	350 000
Freidig 4H	6 000
Frelsesarmeen avd Florø korps	10 000
Fure idrettslag	100 000
Fure og Våge Grendahus L/L	16 000
Furorestipend: Alexander Raftevold	50 000
Furorestipend: Andreas Rotevatn	50 000
Furorestipend: Eivind Øygard	50 000
Furorestipend: Jon-Fredrik Hopland	50 000
Furorestipend: Karoline Fauske	50 000
Furorestipend: Linn Mari Nilsen	50 000
Furorestipend: Marit Årdalsbakke	50 000
Furorestipend: Martine Håland	50 000
Førde Bogeskyttarklubb	100 000
Førde idrettslag	10 000
Førde IL friidrett	10 000
Førde köyre- og rideklubb	25 000
Førde Røde Kors	15 000

Gåver tildelt pr søknad:

Førde skulemusikkorps	100 000
Førde volleyballklubb	5 000
Førs Grendalag	10 000
Gaular idrettslag	5 000
Gaular spelemannslag	5 000
Gaularhallen drift	200 000
Gloppen musikkforum	10 000
Gloppen røde kors hjelpekorps	35 000
Gnist	5 000
Gründerprisen: Tibber AS	50 000
Gründersenteret i Sogndal	100 000
Gulen og Masfjorden utvikling AS	5 000
Gøyanger	10 000
Haugen og Dalen bygdeutviklingslag	25 000
Holvik bygdelag	30 000
Hornindal næringslag	50 000
Hornindal og Markane skyttarlag	20 000
Hugin musikkforum	30 000
Hydrogensatsing: SFj fylkeskommune	400 000
Hyllestad idrettslag	20 000
Høyvik Grendahus	25 000
Idrettslaget Frøy	77 175
Idrettslaget Høyang Handball	5 000
Idrettslaget Syril	50 000
Idrottslaget Jotun	20 000
Indre Nordfjord turlag	10 000
Indre Ofredals vene	50 000
Indre Sunnfjord ettervern	10 000
Ingeniørstudium Bygg & anlegg Førde (HVL)	250 000
Instedalen skianlegg AS	10 000
Jensbua kystkultursenter AS	150 000
Jeremias folkemusikkforeining	10 000
Jul for alle	70 000
Jølster aurefest AS	60 000
Jølster idrettslag / Skei Gym	50 000
Jølster Jazzklubb	10 000
Jølster KFUK-KFUM-speidrarar	30 000
Jølster løypelag	10 000
Jølster skyttarlag	50 000
Jølster treningscenter SA	10 000
Kaupanger IL	200 000
Klatrepark: Flora kommune	250 000
Klatrepark: Gulen Kommune	250 000
Krabbefestivalen på Atløy	15 000
Krokane sør velforening	50 000
Kunstbygda Balestrand AS	10 000
Kvammen Idrettslag	60 000
Kyrkjebø skule og ungdomskorps	5 000
Landbrukssekskapet	300 000
Lavik skulemusikk	25 000
Lavikdal ungdomslag	10 000
Leikanger røde kors	15 000
Leikanger skulemusikk	10 000
Lærdal idrettslag	10 000

Gåver tildelt pr søknad:

Mardal Krins	35 000
Maritim Forening	1 050 000
Måløy seilforening	20 000
Måløy vekst AS	100 000
Nasjonalforeningen for folkehelsen, Sunnfjord demensforening	10 000
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	150 000
NFU Sog og Fjordane fylkeslag	55 000
Norddalsfjord idrettslag	20 000
Norsk Folkehjelp Årdal	100 000
Norske redningshunder Sunnfjord lag	5 000
Norske redningshunder, indre Sogn lag	30 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane «Nybrot»	1 000 000
Oikos Sunnfjord - økologisk lokallag	5 000
Olaibøen velforeining	35 000
Olden UL	50 000
Oppedal/Brekke skyttarlag	50 000
Opplev Bremanger	45 000
Opplev Leikanger	20 000
Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	100 000
Rake grendalag	10 000
Redningsselskapet	500 000
Reodorgarasjen Høyanger	150 000
Rivedal bygdelag	10 000
HiSF/HVL: climate change studie	250 000
Sandane turn og idrettslag	100 000
Sanddal grendalag	10 000
Sande og Bygstad Skulemusikk	30 000
Sandøy grendelag	10 000
Senioruniversitetet i Førde	8 000
SFj Fotballkrets - miniløkker	750 000
Skavøpoll idrettslag	250 000
Skifjorden bedehus	30 000
Skihytta Flofjellet	25 000
Sko-rister til kunstgrasbanar	67 500
Slåtten skulemusikk	35 000
Sunnfjord utvikling/Jølster kommune (Astrup-film)	800 000
Sogn og Fjordane folkemusikklag	70 000
Sogn og Fjordane friidrettskrins	150 000
Sogn og Fjordane MS-forening	6 000
Sogn og Fjordane næringsråd	400 000
Sogn og Fjordane orienteringskrins	15 000
Sogn og Fjordane turlag	100 000
Sogn spel- og dansarlag og Aurland Spelmannslag	10 000
Sogndal fjell- og fjordsportssenter AS	100 000
Sogndal Speidargruppe	100 000
Solund musikk og teaterverkstad	50 000
Solund skulemusikkorps	100 000
Spelemannslaget Fjelljom	25 000
Stad bygdehus	30 000
Stadlandet UL/Blikken	70 000
Stavdalen Grendalag	100 000

Gåver tildelt pr søknad:

Stedje Sokn	5 000
Stegane vel	50 000
Stiftelsen Flora aldersenter Havglytt	50 000
Stiftelsen Svanøy hus	100 000
Stiftinga Liatunet	41 600
Stiftinga Sagastad	50 000
Stiftinga Utkant	85 000
Stiftinga Vestlandsforskning	200 000
Stipendiatstilling Tidlegkapital HiSF	175 000
Stiprosjekt Naustdal - "Over stokk og stein "	10 000
Landbruksseksjonen: Storfeprosjektet	200 000
Stryn Motorsportklubb	50 000
Stryn musikklag	20 000
Stryn Næringsamskipnad	37 500
Stryn Rotaryklubb	6 000
Stryn Turn og Idrettslag	500 000
Stryn Visefestival	100 000
Stårheim Idrettslag	100 000
Sunde krins grendalag	75 000
Sunnfjord kunstlag	10 000
Sunnfjord Utvikling	400 000
Svanhilds venner	60 000
Svanøy Grendautval	10 000
Svelgen IL	50 000

Gåver tildelt pr søknad:

Svelgen samfunnshus	10 000
Svelgen songlag	5 000
Svelgen TIF	39 167
Svelgen-Bremanger røde kors	139 000
Systrond speidergruppe	35 000
Sæla vel	35 000
Tambarskjelvar Fotball	7 000
Tambarskjelvar idrettslag	200 000
Teknoløftet HVL	500 000
Trivselsskogen SA	100 000
Ungdomslaget Fremover/Trudvang	40 000
Vassenden skulemusikk	10 000
Vevring og omland fjordfiskarlag	5 000
Vevringutstillinga	25 000
Vikane røde kors	50 000
Viksdalen idrettslag	70 000
Voksne for Barn - Indre Nordfjord	5 000
Ytre Sogn og Sunnfjord brass band	25 000
Øvre Årdal janitsjarkorps	20 000
Øyra Løken nærmiljøanlegg	50 000
Åfjorddalen ungdomslag	50 000
Ålhus ungdoms- og grendalag	70 000
Årdal gospelkor	5 000
Årdal og Helgheim grendalag	75 000
Åsen Vel	50 000



Tambarskjelvar Idrettslag

Note 9 Driftskostnadars

TAL I HEILE KRONER

Driftskostnadear etter aktivitet

Aktivitetskostnadars

	2018	2017
Aktivitets- og arrangementskostnadars	311 945	189 798
Lønskostnadars	1 393 445	1 306 470
Andre konsulent- og bistandtenester	17 500	1 063 349
Kontorkostnadars	205 089	188 823
Andre driftskostnadars	93 612	39 494
Sum aktivitetskostnadars	2 021 592	2 787 934

Administrasjonskostnadars

	2018	2017
Løn- og honorarkostnadars	1 418 033	1 409 083
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	321 593	504 913
Andre konsulent- og bistandtenester	161 913	10 362
Kontorkostnadars	78 228	64 409
Andre driftskostnadars	506 351	818 646
Sum administrasjonskostnadars	2 486 117	2 807 412

Sum driftskostnadars etter aktivitet

4 507 709 5 595 347

Stiftinga sine vedtektsfesta føremål er å vere ein langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane, støtte opp om banken si verksamd, forvalte stiftinga sine verdiar på ein god måte og dele ut gåver til allmennytige føremål. Ut frå dette er kostnadars knytt til utøving av eigarskap, omdømmebygging og forvaltning av stiftinga sine eideeler definert som føremålsaktiviteter i tillegg til gåver til allmennytige føremål. Kostnadars knytt til styring, kontroll og eigenutvikling er administrasjonskostnadars. Felleskostnadars som gjeld både aktivitet- og administrasjonskostnadars er fordelt etter forbrukt tid eller mengde.

Driftskostnadear etter art

	2018	2017
Løn, honorar og andre personalkostnadars	2 811 478	2 715 552
Andre driftskostnadars	1 696 230	2 879 794
Sum driftskostnadars etter art	4 507 709	5 595 347

Note 10 Lønskostnadars, godtgjersle, tal tilsette

TAL I HEILE KRONER

Lønskostnadars

	2018	2017
Løn og honorar	2 193 264	2 104 024
Arbeidsgjevaravgift	253 222	266 522
Pensjonskostnadars	313 928	285 884
Anna	51 064	59 123
Sum	2 811 478	2 715 552

Tal årsverk

1,75

Tal tilsette pr. 31.12.

2

1,5

1

Note 11 Pensjonskostnadar og plikter

GENEREKT

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring. Stiftinga har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova. Stiftinga har følgjande pensjonsordningar:

1. Innskotspensjon

Stiftinga har innskotspensjonsordning. Innskotspensjonsordninga inneber at stiftinga innbetalar premie til ei innskotspensjonsordning i eit forsikringsselskap. I 2018 utgjer innbetalinga 7 % av ordinær lønn opp til 7,1 G og 15 % av ordinær lønn mellom 7,1 og 12 G. Dei tilsette kan sjølv velje når dei vil ta ut innskotspensjon, men tidlegast frå fylte 62 år og seinast ved fylte 75 år. Normal utbetalingstid er 10 år. Innbetalte pensjonskapital og tilhøyrande avkastning med frådrag av administrasjonskostnadar, er den enkelte tilsette sin eigedom og ordninga kan arvast, dersom den tilsette skulle falle frå før pensjonsmidlane er utbetalte. Innskotspensjonsordninga er ikkje balanseført.

2. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde yttingsbasert pensjonsordning ved avslutning av denne 01.06.2016 og som fekk lågare pensjon ved overgang til innskotspensjon, er det inngått ein avtale om kompensasjon for redusert forventa pensjon. Kompensasjonspensjonen er usikra. Forpliktinga er utrekna for den enkelte ut frå kva som er opptent pr. 31.12 og er ført som pensjonsforplikting i balansen.

3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei yttingsbasert fleirføretaksordning. AFP-ordninga blir finansiert gjennom premieinnbetalingar og er rekna inn i reknescapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan identifiserast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje føreteke avsetning i balansen for ordninga. AFP-ordninga inneber at tilsette kan slutte med AFP, eller ta ut delvis AFP frå dei fyller 62 år. AFP-ordninga er basert på eit samarbeid av tre partar dvs. arbeidsgjevarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og staten. Staten dekkjer 1/3 av pensjonsutgiftene til AFP medan tilslutta føretak dekkjer 2/3. Føretak som deltar i ordninga er solidarisk ansvarlege for 2/3 av pensjonen som skal betalast. Ansvaret gjeld både manglende innbetaling og dersom premiesatsen viser seg å vere utilstrekkeleg. Alle tilsette i stiftinga er med i ordninga. Ved uttak vil det bli rekna ut ein årleg pensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt opp til 7,1G frå fylte 13 år til og med fylte 61 år. Ordninga er administrert av Fellesordninga for AFP, som også fastset og krev inn premie. I 2018 utgjorde premien 2,5 % av lønn mellom 1 G og 7,1 G.

4. Sum pensjonskostnad og forplikting

TAL I HEILE KR

Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift

	2018	2017
Innskotspensjon	168 767	150 552
Kompensasjonspensjon	145 967	164 743
Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)	16 997	7 738
Sum	331 731	323 032

Pensjonsforplikting inkl. arbeidsgjevaravgift

	31.12.2018	31.12.2017
Kompensasjonspensjon	387 155	97 494
Sum	387 155	97 494

Note 12 Ytingar til dagleg leiar, styret og generalforsamling

TAL I HEILE KRONER

Ytingar til leiande personar

	Dagleg leiar	Styre	Generalforsamling
Lønn	920 989	497 590	94 914
Naturalytingar	58 154	0	0
Pensjonskostnadar	201 816	0	0
Sum	1 180 959	497 590	94 914

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.

Det er ikkje ytt lån til medlemer av styret eller tilsette.

Note 13 Godtgjersle til revisor

TAL I HEILE KRONER

	2018	2017
Revisjon	43 750	75 250
Andre ytingar	26 500	581 363
Sum godtgjersle inkl. mva	70 250	656 613

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit aktivitetsresultat på kr 63 272 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, aktivitetsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av all informasjon i årsrapporten, men omfattar ikkje årsrekneskapen og melding frå uavhengig revisor.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapskap eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at stiftinga vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meiningsa vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskjuta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meinung om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysninga som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett drift føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoan for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at forvaltinga av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Florø, 22. mars 2019

Deloitte AS



Rune Norstrand Olsen

statsautorisert revisor

Gåver til allmennytige føremål



Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal vidareføre sparebanktradisjonane, mellom anna ved å gje gåver til allmennytige føremål. Gjennom gåvetildelingane skal vi gjere Sogn og Fjordane til ein rikare og betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som **mangfold, trivsel og utvikling**.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vidareførte i 2018 dei to søkerfristane 1. mars og 1. september, i tillegg til ordninga «forenkla søker» med fort- løpende søkerfrist.

Av gåvemidlane vart ca 5,8 millionar kroner tildelt på våren, og 3,7 millionar kroner i haust-runden. Ca. 0,6 millionar kroner vart tildelt fortløpende i kategorien «forenkla søker», medan fleirårige tildelingar og prosjekt initiert av stiftinga sjølv representerte tildelingar på kring 14,4 millionar kroner.

Sparebankstiftinga har vidareført satsinga på breiddegåver til det mangfoldige organisasjonslivet i fylket, av di vi meiner desse utgjer grunnmuren i den allmennytige aktiviteten i fylket vårt. Det er dessutan eit mål at gåvene skal utløyse meir aktivitet, og at fleire engasjerer seg i og tek ansvar for at fylket vårt blir ein enda betre plass å bu. Ved å kanalisere stiftinga sine gåvemidlar gjennom organisasjonslivet, vert midlane multiplisert gjennom den frivillige innsatsen og den trivselen som organisasjonane genererer, noko vi meiner gir eit fornuftig og positivt samfunnsrekneskap.

I tillegg til stor fokus på breiddegåver har Sparebankstiftinga ytterlegare styrka sitt engasjement for næringslivet i fylket i 2018. Dette har vært gjort gjennom gåvetildelingar til forskings- og utdanningsføremål, tiltak for å løfte heile næringssektorar og kompetansehevande tiltak for ulike næringsområde. Sparebankstiftinga vurderer overordna næringsutvikling i fylket som allmennytig og ein sentral del av verdiskaping for mangfold, trivsel og utvikling,

men stiftinga sine gåvetildelingar skal ikkje vere konkurransevidande og skal ikkje fremje aksjonærar eller einskildpersonar.

Sparebankstiftinga tildelte gåver for til saman ca 24,5 millionar kroner i 2018. Av dei 800 søknadane stiftinga fekk inn i løpet av året, vart det til saman søkt om ca 90 millionar kroner, og stiftinga tildelte 275 gåver. Snitt-tildelinga var dermed om lag 89.000 kroner per gave.

Nokre av gåvene i 2018

For å gje eit bilet på kva stiftinga ønskjer å utrette med gåvetildelingane, trekker vi fram nokre få døme her:

EIGE TILTAK

Ein stor del av midlane vert delt ut etter søkerfristene vi får inn, men av og til tar vi eigne initiativ til å dele ut gåver. Eitt av desse i 2018 var storhallen i Florø, som er eit stort løft for både Florøsamfunnet og for idretten. Idrettshallar er viktige for å gi idretten gode vilkår i både topp og breidd, og difor er det også svært mange hallar i fylket som har fått gave frå Sparebankstiftinga. Florø fotball har dessutan hatt ei flott sporsleg utvikling dei siste åra, og gjennom storhallen har ein både høve til å løfte laget enda lenger, samstundes som at ein fristiller annan hallkapasitet til mange andre idrettar.

I denne saka hadde vi òg dialog med Sparebanken Vest. Rett nok er dei ein konkurrent med «vår» bank Sparebanken Sogn og Fjordane når det gjeld banktenester, men alle sparebankar tar betydeleg samfunnsansvar i det området der verdiene er skapt, så på gåveområdet samarbeider vi godt i einskilde tilfelle. Storhallen i Florø fekk 3 millionar av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, fordelt på 3 år.



Trond Teigene og Jan Erik Kjerpeseth.

PRIORITERTE OMRÅDE

Sparebankstiftinga har i fleire år hatt fokus på miljø. Vi har difor arbeidd aktivt med både å få inn fleire søknadar og sett i gong ulike eigne tiltak på dette feltet i 2018. Eit av tiltaka vi sette i gong var å montere filter i kummane rundt alle kunstgrasbanar i fylket, slik at bane-eigarane kan resirkulere gummikulene i kunstgraset, og dermed bidra til å redusere avrenning ut i vassdrag og natur. Sparebankstiftinga sette av 300.000 kroner til dette tiltaket. Vi synst òg det er svært gledeleg at også fleire andre sparebankstiftingar kring i landet sette i gong tilsvarande tiltak i 2018.

Filter kring kunstgrasbanane er no i ferd med å bli innført som lovkrav. Sparebankstiftinga varsla difor at bane-eigarane ikkje ville få gåver til andre tiltak før filter var montert. Vi håper difor å ha full dekning med slike filter i Sogn og Fjordane i løpet av året.

BREIDDEGÅVER SOM FUNDAMENT

Av og til er det å få rask avklaring på ein søknad vel så viktig som sjølve gåvebeløpet. Difor har Sparebankstiftinga etablert ordninga med «Forenkla søknad», der ein kan søkje om inntil 10.000 kroner og få svar i løpet av ein månad. Ordninga er svært populær, og kring 45% av søkerne til Sparebankstiftinga er i denne kategorien.

«Forenkla søknad» gir òg Sparebankstiftinga ei fantastisk kontaktflate mot frivillige lag i fylket, og gir oss høve til å løfte dei beste idéane opp på eit høgare nivå. Ein søknad frå Naturvernforbundet Sogn og Fjordane er eit døme på dette: Dei sökte nemleg om 10.000 kr til å innføre diverse miljøtiltak på den største musikkfestivalen i fylket; Malakoff. Dette tiltaket hadde vi så stor sans for at vi byrja undersøke om det var mogleg å gjere dette på fleire musikkfestivalar. Resultatet vart prosjektet «Grøn Festival», der vi i desember 2018 gav ei gave på 650.000 kroner fordelt på 3 år til musikkbransjeorganisasjonen Brak for å gi alle musikkfestivalane hjelp og metodikk til å gjere festivalen så miljøvennlig som mogleg. Vonaleg ser vi dei første resultata allereie til sommaren, men prosjektet skal vidareførast til festivalsesongen i 2020.



Trond Teigene saman med Elise Hessevik i Brak.

Gjennom stiftinga sin gåvestrategi har stiftinga prioritert følgjande tiltak:

- Prosjekt og organisasjonar som arbeider for og med barn og ungdom.
- Prosjekt og organisasjonar drive av frivillige.
- Tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet skal prioriterast framfor kortvarige aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Lokalt forankra prosjekt skal prioriterast framfor større, fylkesdekkande prosjekt i situasjonar der vi har avgrensa midlar til fordeling.
- Prosjekt og organisasjonar som har klåre visjonar og tankar bak sine tiltak.

Det vert ikkje gjeve støtte til:

- Politiske parti eller føremål som kan utnyttast i politisk samanheng.
- Næringsverksemrd eller prosjekt i regi av kommersielle selskap der det ikkje er tydleg avklara korleis selskapet handterer eit eventuelt overskot av prosjektet, eller der det er uklårt om det ligg kommersielle interesser bak.
- Typiske offentlege oppgåver.
- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Religionsutøving
- Prosjekt som er påbegynt eller fullført før søknadsfristen.

Søknader om rein driftsstøtte (lønn, husleige og andre driftskostnadar) vil normalt verte prioritert etter søknader om tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet.

Søkarar som av ulike grunnar ønskjer å halde søknaden sin utanfor ålmenta, skal respekterast. Alle tildelte beløp er likevel offentlege.

Avslag på gåvesøknader vil ikkje bli grunngjeve.

Søknadsskjema og søknadsfristar blir kunngjort på stiftinga sine heimesider.